

Helgedagen



DEN NORSKE KYRKJA

KYRKJELYDSBLAD FOR TIME

NR. 1 - Mars 2022 1. årg.




Kreative damer får
Sareptakrukka til
å fløyme over.

side 16




6 om nøysemd

side 6




Kvinnernes internasjonale
bønedag

side 5



Pangstart for Alfea

side 7



Grøn satsing

side 10

BRYNE • TIME • UNDHEIM SOKN**Kyrjekontoret**

tlf. 51 77 03 77

Kontortider: Måndag-Fredag: 09:00 -14:00

Kyrjekontoret: Erlandsbakken 6, 4340 Bryne

Inngang frå Saronsbrotet

heimeside: www.timekyrkja.noe-post: kyrkjekontoret@timekyrkja.no

Prost: Lars Sigurd Tjelle

tlf. 474 51 340

Kateket: Ingfrid Time Nærland

tlf. 401 67 222

Sekretær: Inger-Kathrine Kjølleberg

tlf. 51 77 03 77

Assisterande kyrkjevevjerje: Siri Vik

tlf. 906 43 758

Kyrkjevevjerje: Gunnar Bjorland Stone

tlf. 406 01 079

Ungdomsleiar: Asle Steinbru

tlf. 979 79 771

Time

Diakon Time og Undheim: Praxedes Slettebø

tlf. 488 96 919

Heimeside: timekyrkja.no/time-sokn

Sokneprest Yngvar Nilsen

tlf. 466 52 874

Musikalsk leiar: Frode Skårland

tlf. 489 97 102

Kyrkjelydspedagog: Ragnhild Hanssen

tlf. 990 22 872

Kyrkjetenar helg: Elen Fosse

tlf. 981 89 102

Soknerådsleiar: Marianne Hauge

tlf. 481 14 974

Dagleg leiar: Anna Bergitte Skårland

tlf. 990 26 276

Klokkar: Oline Høie Hetland

tlf. 400 80 674

Ungdomsarbeidar Lye: Martin Berge

tlf. 958 35 364

Kyrkjetenar ved gravferd:

Anna Bergitte Skårland

tlf. 990 26 276

Time kyrkjegard

tlf. 51 48 32 84

Lye forsamlingshusHeimeside: www.lyeforsamlingshus.no**Bryne**

Diakon Bryne: Marit Høie Hetland

tlf. 911 63 039

Ungdomsprest Bryne/Nærbø:

Aksel Johan Lund

tlf. 416 36 761

Heimeside: www.brynekyrkja.no

Sokneprest Stein Ødegård

tlf. 911 57 105

Organist: Per Olav Egeland

tlf. 900 18 708

Kyrkjelydspedagog: Tone Vold

tlf. 918 81 818

Administrasjonleiar:

Elisabeth Obrestad

tlf. 51 77 03 77

Dagleg leiar / kyrkjelydsutviklar:

Jostein Aa. Tollaksen

tlf. 909 88 880

Soknerådsleiar: Ola Undheim

tlf. 908 58 793

Kyrkjetenar helg: Arne Espevik

tlf. 909 70 522

Kyrkjetenar helg: Lars Andreas Olsen

tlf. 466 56 825

UndheimHeimeside: www.undheimkyrkja.no

Undheim kyrkje

tlf. 51 48 68 20

Diakon Time og Undheim: Praxedes Slettebø

tlf. 488 96 919

Sokneprest: May Brit Merland Arnø

tlf. 467 94 518

Sokneprest vikar: Roald Byberg

tlf. 400 38 028

Organist: Kari Kaald Reiten

tlf. 908 10 346

Ungdomsarbeidar Eline Fosse

tlf. 454 83 455

Kyrkjetenar: Hans Undheim

tlf. 900 37 560

Soknerådsleiar: Hanne Brit Sandmark

tlf. 996 26 157

Dagleg leiar: Frode Skårland

tlf. 489 97 102

Time sokneråd time.soknerad@timekyrkja.noBryne sokneråd bryne.soknerad@timekyrkja.no**Eit rom for håp**

TEKST: HEIDI STRAND HARBOE



I tankane mine har livet mange rom. Det finst eit rom for vinter og eit rom for sommar, eit rom for sorg og eit rom for glede, ikkje minst finst

det eit rom for håp. Dit går eg ofte inn. Det er rett og slett eit rom eg kunne tenkja meg å bu i.

Me har vandra gjennom merkelege tider alle saman. Om nokon hadde sagt for to år sidan kor mykje krefter me dei komande åra skulle bruka på å forhalda oss til ein pandemi, ville me sikkert hatt problem med å tru på det. Av og til når eg er ute og handlar på Bryne, så slår det meg at det surrealistiske synet av trauste jærbruar

på rekkje og rad med handlekorger og munnbind er i ferd med å bli heilt normalt.

Her i huset gjekk eingongstestane varme gjennom heile juleferien, og i skrivande stund er eg omgitt av karantenar og koronasmitte på alle kantar, utan at eg sjølv har blitt smitta så langt. Me som har jobb i skulen har levd tilnærma normalt gjennom pandemien, med dagleg frykt for smitte, spesielt før vaksinane vart tilgjengelege. Andre har hatt ein veldig annleis kvardag med heimekontor, eller har opplevd at jobben dei hadde har blitt borte på grunn av smittevern, lovar og restriksjonar. Kanskje fleire enn meg har tenkt at me venner oss jammen til det meste når me må...

I juleferien hadde alle i familien min færre planar enn vanleg. Ein kveld såg me filmen «Don't look up», ein svart komedie der forskarar



Framsida: Kreative damer får sereptas krukke til å fløyne over - Foto: privat

Utgitt av: Time kyrkjelege fellesråd.

Redaksjon: Else-Marie Bue, Liv Helene Øyre Håland, Oddny Underhaug, Reidun Jane Heskestad, Elisabeth Obrestad og Arnfinn Vigrestad.

Ansvarleg redaktør: Gunnar Bjorland Stone

Trykk: Kai Hansen Trykkeri. Frivillig kontingent til Time kyrkjelege fellesråd, kontonummer 2801.49.74395. Merk innbetalinga med Helgedagen.

Stoff kan sendast til Kyrjekontoret eller med e-post til helgedagen@timekyrkja.no.

Frist for innlevering av stoff til neste nummer er 10.mars

oppdagar at jorda om kort tid kjem til å bli treft av ein komet, og sannsynlegvis bli heilt øydelagd. Menneska på jorda har sjanse til å gjera noko med det, men maktspel og ein fjollete overflatekultur der ingenting blir tatt på alvor, gjer at ingenting blir gjort for å forhindra katastrofen. Filmskaparen har utan tvil laga denne filmen som ein kommentar til klimakrisa me står oppe i.

Eg forstår at mange kan synast det er vanskeleg å løfta håpet høgt opp i tider der det er så mykje vanskeleg som krev merksemda vår. Likevel ropar eg ut så høgt som eg vågar at håpet er det finaste me menneske har, og at det må me tora å tru på. Håpet gjer at me kan våga å sjå både oppover, som dei åtvarar mot i filmen eg nemnde, og i tillegg bakover, framover og sideslengs. Me må våga å sjå kor me er og kven me er, og me må våga å sjå kvarandre.

Sist det skulle veljast sokneråd, oppdaga eg til mi eiga overrasking at der kunne eg faktisk ha lyst til å vera med. Ein av dei viktigaste grunnane var at eg hadde lyst til å bidra i eit rom som har vore viktig for meg. Kyrkja har for meg vore ein god plass å vera og ein god plass for trua mi og for håpa. Eit av ønska mine var å vera med på å utvikla ei kyrkje på Bryne som me alle eig i lag, og som alle kan oppleve som si. Eg håpar kyrkja kan vera eit godt rom for alle å vera i, og eg håpar at kyrkja kan vera eit rom for håp og for det gode i vanskelege tider.

I tillegg til dette hadde eg eit ønske om at kyrkja kan markera seg endå tydelegare i kampen for å ta vare på jorda vår. I kyrkja blir der forkynt at mennesket har eit forvaltaransvar, at me skal ta vare på skaparverket og arbeida for ei meir rettferdig fordeling av det jorda har å gi oss. Det har vore ei glede for meg å få delta i «Utval for grøn kyrkjelyd», som de kan lesa meir om i dette nummeret av Helgedagen. Som de vil sjå, har me tankar om korleis me kan vera med på å skapa ei meir berekraftig framtid. Det er håpet mitt at dette er tiltak som vil appellera til mange av dei som bur i Time kommune, og at kyrkja i denne samanhengen òg kan fungera som eit rom for håp.

Eg trur at me som vågar å tru at me er ein del av noko større, og som har tillit til at me trur på ein Gud som elskar både oss og skaparverket, er ekstra utfordra til både å våga sjå opp og til sides, og til å skapa rom for håp. Eg trur at me menneske er her mellom anna for å løfta håpet opp for kvarandre. Då må me òg våga å lytta til kvarandre og å vera rause mot kvarandre slik at me vågar å stå saman, sjølv om me kan vera ærleg og oppriktig ueinige om både det eine og det andre.

For ganske lenge sidan skreiv eg eit dikt om håplause håparar. Då tenkjer eg håplaus i den gamle jærsketidinga «heilt umulige». Dette er skrive lenge før koronaen kom, men la dei håplause håparane håpa for både pandemiar, klimakriser og opne varme kyrkjer.

Håplause håparar

I mørke, blåsande kveldar,
er det godt å vita
at det alltid går
ein og annan håplaus håpar
der ute.

Ein med lys i stormlykta
og eit hjarte som nektar
å gi opp.

Det snublar mange av dei
rundt på vegane
med narrehattar, klovnenasar
eller nonnekjolar.

Eller bare
djupt alvorlege tenkjarar
med bønner til Gud
og til livet,
med snorer av håp
og av kjærleik
knytte fast til handledda sine.

Heilt på tampen har eg òg lyst til å ta med
eit vers frå ein av salmane mine, bortom tid
og rom og tanke:

Jesus, ver i mine dagar,
i alt livet som kjem mot meg.
Ver i mine glade timar,
mine skjelvande sekund.
La meg leva sterkt og nakent,
våga sjå og våga høyra,
våga leva midt i livet,
våga trå på heilag grunn.

Heilt til slutt vil eg ønska alle gode rom
for håp i året som kjem.

Kvar skal me gå for å finna visdom?
I dag har eg vore ein stad der eg har funne han.

TEKST OG FOTO: ODDNY UNDERHAUG

Kvar skal me gå for å finna visdom? I dag har eg vore ein stad der eg har funne han.

I Reeholen har Arna og Trond Lye no budd i ca. 14 år. Trond kan knapt få fram nokre ord.

Han er den tidlegare rektoren på Hognestad skule som har vore sjuk og sete i rullestol sidan 2006. Han var då eit halvt år på sjukehus, og der berre venta på at han skulle døy.

Det er den same mannen som også i år skreiv julebrevet frå Reeholen. Med ein finger tastar han inn tal og bokstavar. Julebrevet er ei ei forteljing om året som gjekk, om alt som skjer i familien. Og avslutninga lyder slik: «Det som betyr noko er at me i jula feirar Jesu fødsel, ikkje alt mogleg anna. Kom Jesus! vær vår hyttes gjest, hold selv i oss din julefest». Det er gamlerektoren som skriv.

I dag hadde ekteparet lese på kalenderen: «Viss du ønsker virkeleg å leve, så begynn hver dag med å finne noe å være takknemlig for». Maria Fontaine.

Før eg forlot dei i dag, lurte Arna på om det var noko Trond ville seia. Og det kom som ei gjentakning av det han tidlegare om dagen hadde sagt: «Me må ikkje gløyma takknemligheten.» Trufaste Arna lyttar og klarer høyra kva Trond har på hjartet. Han fekk fram «takk - og takk for Arna.» Og kva ville Arna seia før eg drog. Ho treng ikkje tenkja lenge før ho seier: «Me har fått 16 år i gåve og er svært takksame for kvar dag som me får. Me må vera tilfredse med det me har, då er me rike. Det er ikkje pengar som gjer oss rike»



Trond og Arna Lye

Spørsmål vart gitt til Arna om ho kunne dela med oss ein song. Ho seier ho lenge har levd eit tilbaketrekt liv. Eit annleis liv, men eit godt liv. Ho er ikkje den som står fram og seier så mykje. Men «virke sådan i det stille, det var det jeg gjerne ville». DER kom songen med ein gong. Songen Arna og Trond lærte vidare til borna sine heilt frå dei var små. Ikkje berre ein song, men eit liv som allereie då var i tråd med innhaldet i «Gå omkring i Jesu namn» .

Gå omkring i Jesu navn

Tekst: Helga Ingebrigtsen 1903

Gå omkring i Jesu navn,
Hjelpe, trøste, stille savn,
Vise medynk, tørre tårer,
Lege alt som hjertet sårer,
Virke sådan i det stille,-
Det var Det jeg gjerne ville.

Lokke smil av tårer frem,
For en hjemløs skape hjem,
Dele noens savn og smerte,
Tenne håp i motløst hjerte,
Virke sådan i det stille,-
Det var det jeg gjerne ville.

Kjærlighet oppfinnsom gjør,
Gud vil åpne meg en dør.
Med en glad vil jeg meg glede,
Med en sorgfull vil jeg grede.
Virke sådan i det stille,-
Det var det jeg gjerne ville.

Vise vei til himmelhavn,
Til Gud Faders åpne favn,
Til det gledens vell, det rike,
Som på jord ei har sin like
Virke sådan i det stille, -
Det var det jeg gjerne ville

Kvinnenes internasjonale bønedag - fredag 4. mars 2022

TEKST: ELSE-MARIE BUE

Kvinnens internasjonale bønedag blei starta av kvinner i USA i 1887. Bakgrunnen var nauda dei såg blant immigranter og etterkomarar av slavar. Kvinner frå ulike kyrkjesamfunn samla seg om ein felles bønedag for desse. Seinare kom globale utfordringar i fokus, og i 1920 sende den amerikanske komitéen eit opprop til kristne kvinner verda over om å koma saman i bøn. Dei fann fram til felles bønemner.

I dag har bønedagen komitéar i meir enn 170 land og regionar. Målet er å knyta tradisjonar og rasar saman i eit tettare fellesskap. Me skriv år 2022, og det er ikkje mindre grunn til ei bønelenke verda over i dag. Gjennom denne dato, dagen og natta,

ynskjer kvinner verda over å stadfesta si tru på Jesus Kristus og dela håp og bekymringar, gleder og sorger med kvarandre. Fast på programmet er kvart år sangen til avslutning, - Den dag du gav oss er til ende. Fjerde verset lyder slik:

*- Den sol som vinker oss til hvile,
nå vigsler andres arbeidsdag,
og slik den stund for stund skal smile
til nye land og folkeslag.*

Sjå nøye på logo'en for Kvinnenes internasjonale bønedag. Kva ser du der ? Programmet kjem i år frå bønedagskomitéen i England, Wales og Nord-Irland.

KVINNENES INTERNASJONALE BØNEDAG

fredag 4.mars

Fotland bedehus kl.14.00

Andakt - Margit Hunemo

Zion Bryne kl 19.00

Andakt – Christine Byberg

Sang – Wenche Jess

Velkommen



6 om nøysemd – «Nøysemd er å vera tilfreds med lite»

*Kva legg du i ordet nøysemd?
Kva betyr dette i din kvardag?*

Margit Hunemo

Mi forståing av «nøysemd» handlar om å vere tilfreds og takksam. Det handlar like mykje om det immatrielle som det materielle.

Livet er ei livslang øving i å akseptere det slik det vart. Med sorg og glede. I opp- og nedturar. Når eg ser attende på vegen livet har ført meg, trur eg ordet takksemd er rett å bruke. Salma »Takk min Gud, for alt som hende, Takk for alt slik du det gjer,» er meir enn fromme ord. Kvila i det Jesus Kristus har gjort, er både grunnmuren og kvilestaden i kvardagslivet mitt.



Astri Fjermestad Eikeland

Nøysemd - eit flott ord og omgrep som me skulle brukt og praktisert meir. Tenkjer det er berekraft i praksis.



I min kvardag må eg tenkje at eg ikkje skal unne meg sjølv noko heile tida. Eg har lyst å vere takknemleg for det eg har. Dersom eg verkeleg tek innover meg det

fine med å vere nøysam, trur eg det hadde vore godt for livet og jorda!

Kirsten Jæger Fjetland

Nøysomhet tenker jeg er det motsatte av sløseri - å vise respekt for materielle ressurser og anvende det vi har slik at minst mulig går tapt. Nøysomhet kan beskrive både en personlig dyd og dyder i et samfunn. For min foreldregenerasjon var nøysomhet "en dyd av nødvendighet" fordi mange hadde begrensede økonomiske ressurser.

For meg er det et moralsk mål å ikke kaste brukbar mat og klær, for eksempel. Men i hverdagen er det også en påminning om at jeg har for mye av det meste.



Liv Ragnhild Lassen

Nøysomhet – tenke på 'na mor med en gang. Nøysomhet og ærlighet i all sin ferd. Å få mye ut av lite og være ærlig i alt du gjør.



Jeg prøver å flette mors råd og visdoms ord inn i livsveven min.

Kurt Nielsen

Ordet nøysomhed for mig er: Jeg kan godt klare mig med den samme mobiltelefon til den er helt udsnit - det kunne også være T-shirt eller sokker om du spørger min kone.

Det kan også være i situationer hvor man ikke stiller så store krav, eller er tilfreds med lidt.



Siv Time Joa

Eg tenkjer – ta vare på det me har, ikkje sløsa, og at gjenbruk er eit godt ord. Me lever i eit bruk/kast samfunn, kjøper ting me har lyst på og ikkje alltid har bruk for.

Kan bli flinkare å ta vare på ting. Prøver å visa og fortelja ungane dette, læra dei ansvar, f. eks. med rydding og matlaging. System hjelper og all læring er nyttig. For eigen del, med tre born og alltid hol på buksekne, skulle symaskinen vore meir i bruk.



Pangstart for Alefa (5)

Alefa Thomson (5) har oddsen mot seg i eit av verdas fattigaste land, men ho har fått ein start som gjer henne fleire fordelar.

Av: Anette Torjusen. Foto: Håvard Bjelland

– De må berre venta litt, smilar Alefa Thomson, i det ho spring og hoppar om kvarandre over gardsplassen, og forsvinn mellom hus og klesvask.

Femåringen bur i landsbyen Kambuwe i Malawi.

Rett ved huset hennar har Kirkens Nødhjelp bygd ein førskule, grønsakhage, toalett og brønnar. Prosjektet er del av eit større samarbeid med Utviklingsfondet og NMBU som er finansiert av norske myndigheiter.

– No er eg her igjen, smiler ho, og fortel at ho berre måtte å sjå på nokre skodespelarar som hadde kledd seg ut i gatene.

– Det er akkurat slik ho er, ler mamma Sarah Thomson, og fortset:

– Den jenta kan ikkje sitte roleg eit sekund.

Førebyggjer svolt

Det er ikkje gitt at jenter som Alefa veks seg sterke og sunne i Malawi. 50 % av alle barn under fem år har fått hemma veksten sin som følge av svolt, medan berre 40 % har tilgang til førskule. Der kor Noreg stort sett toppar alle statistikkar, kommer Malawi på botnen som eit av verdas fattigaste land. Det å få ein god start med nok mat, vatn, førskule og gode oppvekstvilkår er heilt avgjerande for at jenter som Alefa skal kome seg ut av fattigdom.



Alefa er på førskulen kvar einaste dag. Akkurat i dag er det matematikk og dans som står på timeplanen.

Og kva er vel betre enn å slå dei to faga saman. Så det Alefa gjer i dag, er å danse tala, rett og slett.

Barna lagar ein stor sirkel som skal symbolisere talet null. I kroken sit to gitar og slår takten på to tomme plastflasker, medan læraren klappar i hendene. I det dei dansar, kjem lukta sigande. Det er berre å fylgja lukta, så finn me frem til kjøkenet i det litle murhuset rett utanfor. Så kjem signalet alle har venta på. Maten er klar.

Først spring alle barna til vasskrana for å vaske hendene. Tappekranen er ein av 33 som er bygd i prosjektet i området Kalulu.

– Nå er maten her, ropar barna, og stiller seg i kø. Det er ikkje tvil om at det er 120 svoltne barn som nå er klare.

Foreldra som byter på å lage maten, er også med i eit grønsakprosjekt i tilknytning til førskulen. Her får tolv bønder opplæring i moderne jordbruksmetodar. Bøndene lærer om frø, gjødsel, planting og konservering. Dei får besøk av ein agronom kvar

Husker du
at du puttet på
den pengen
i den bøssa
og tenkte
jaja en dråpe i havet
så ble det plutselig
en brønn

Trygve Skaug

veke, og dei har investert i eit vatningssystem som gjer at dei kan bruke minimalt med vatn ved hjelp av dryppirrigasjon. Grønsakene som blir dyrka her, vert brukte i maten til førskulebarna.

Hjelpsam

Vel heime frå førskulen ligg ikkje Alefa på latsida.

Ho er allereie i ferd med å tenne opp bål for mor si på kjøkenet. Til middag i dag står nemleg maisretten nshima på menyen. Etter at ho har tent opp, spring ho bort til vasskrana med den litle bøtta si for å hente vatn til middagen.

– Ho er utruleg hjelpsam, ho veit ikkje kva godt ho kan gjere.

Saman med søskenflokket på seks, bor ho i eit lite hus, og det er nok av oppgåver som må gjerast.

– Eg feiar ofte golvet, serverar mat, vaskar opp og hentar vatn, forklarar ho.

Med kort veg til mat, vatn, førskule og skule, har Alefa store moglegheita for å nå langt. Forsking visar nemleg at dei første åra av eit barns liv er viktige med tanke på vidare utdanning. Barn som har gått på førskule, klarar seg betre på skulen og har større sjanse for å gjennomføre og få seg ein vidare utdanning.

– Etter eg har ete, skal eg teikne med vatn i sanden, smiler ho.

STØTT ÅRETS FASTEAKSJON

For **250 kr** kan du gi ett menneske sikker tilgang til rent vann livet ut!

Vipps til 2426

(velg Send)

SMS **VANN** til **2426** (250kr)

Kontonummer: **1594 22 87493**

Pengene fra fasteaksjonen går til hele Kirkens Nødhjelps arbeid.

Tusen takk for støtten!



KIRKENS NØDHJELP
actalliance

Fasteaksjonen.no

FASTEAKSJONEN 2022 tysdag 5. april

Ta godt imot konfirmantane

Tysdag før Palmesøndag kjem årets Fasteaksjon, innsamlingsaksjonen til Kirkens Nødhjelp. Tema i år er «Håp i ein dråpe vatn». Over heile Noreg gjer konfirmantar og konfirmantforeldre seg klare til å samle inn pengar til tiltak som reddar liv rundt om i verda. Det gjer me her i Bryne, Time og Undheim òg. Dette er heile kyrkjelyden sin aksjon.

Dei to siste åra har pandemien stoppa oss frå å kunne gå

på dørene med innsamlingsbøsser, og aksjonen har vore digital. I år håpar me å kunne banke på dørene igjen, men me veit framleis ikkje om det lar seg gjere. Uansett så blir det innsamlingsaksjon, enten fysisk, digital eller begge deler. Du kan bidra med å støtte når konfirmantane våre kjem med bøssene, enten på døra heime hos deg og/eller digitalt, tysdag 5. april.

- Ta vel imot dei, og gi dei gjerne litt i bøssa når dei kjem.



KIRKENS NØDHJELP
actalliance

FASTEKALENDER

Kvar morgon gjennom adventstida 2021 gledde Anne Sofie og Per Haarr venner med ei salmestrofe på sms-melding, salmequiz, frå advent- og juletida.

TEKST: ELSE-MARIE BUE



Ei einaste strofe skulle spora oss til å finna kva salme/song det var. Teksten kunne koma med ein gong, andre gonger bare melodien som kverna og kverna. Eller Salmeboka måttte fram for å finna heile teksten der, og «Stevnemøte med Salmeboka» som ga bakgrunn for teksten. Slik vart denne eine strofa ofte til dagleg påfyll i heile førjulstida. Med ny strofe fylgde dagleg også svar på oppgava frå dagen før (sjå bileta). Mange hadde glede av denne adventskalenderen, for oppgava (quiz'en) vart stadig vidaresendt til nye venner.

Nå står ei ny høgtid for døra, faste/påsketida, som i år startar oskeonsdag 2.mars og varer fram til midnatt påskeaftan. Det er 40 dagar - minus søndagane som ikkje er fastedagar. Denne tida i kyrkjeåret er ei påminning om Jesu freisting 40 dagar i ørkenen. 40 er eit tal som i Bibelen tradisjonelt er knytt til disiplin og førebuing.


FASTEKALENDER - Samarbeid med kyrkjekontoret På Hårr har dei nå tankar om å nå mange fleire med ei stille vandring i salmeskatten som er i bruk for påsketida. Samarbeid med kyrkjekontoret gir nå alle oss som les Helgedagen høve til å fylgja denne fastekalenderen. Kvar morgon heile fastetida vil kyrkjekontoret leggja ut ei salmestrofe på heimesida,

www.brynekyrkja.no. Er du blant dei som syng mykje, eller har pugga salmar på skulen, vert dette kanskje ei lett sak. Må du streva for svaret så bruk salmeboka. Du skal ikkje gje tilbakemelding, og det vankar heller ingen premie. Men i neste Helgedagen håpar me å ha meldingar frå nokre av dykk som har vore med på stafetten.

Til slutt: Dersom du har venner som ikkje har tilgang til heimesida, lar du salmestrofa vandra vidare via mobilen, med sms og foto. Ei vennegruppe på facebook er også mogeleg. Ingen veit kor mange som hadde glede av adventskalenderen 2021. Han levde sitt digitale liv. Brit Lund, som i fleire år budde på Bryne før ho flytte heim til Trondheim igjen, meldte dette undervegs :

- Jeg sitter klar hver morgen og venter på sms'en. Quiz'en er et godt stoppested på begynnelsen av dagen, og viser virkelig hvor rik salmeboka er. Den gir et fellesskap knyttet til salmene, kanskje mest for oss enslige som ikke har så mange å snakke med om det kristne budskapet.

Hjarteleg velkomen til Fastekalender 2022!



Grøn satsing i Bryne kyrkjelyd

TEKST OG FOTO: ROLF HESKESTAD

Klimaendringane rammar oss allereie. Menneske, dyr og planter strevar fordi livsgrunnlaget er i endring. Forskarane slår fast at det kjem av levemåten vår, og me blir støtt minna om at me må skifta kurs. Som kyrkje er me kalla til å vera gode forvaltarar av Skaparverket og Jesu Kristi etterfølgjarar.

Bryne kyrkjelyd har sidan 2009 vore ein såkalla «grøn kyrkjelyd», men kva dette inneber for kyrkjelyden og den enkelte av oss har nok ikkje vore like tydeleg. Bryne sokneråd ynskjer å lyfta fram at me alle har eit ansvar for å ta godt vare på alt som er skapt av Gud. Soknerådet vedtok i 2021 at ein ville ha ei tydelegare satsing på «det grønne» i kyrkjelyden. Det blei sett ned eit eige utval, «Utval for grøn kyrkjelyd», som skulle arbeida vidare med saka. Dei som er med i dette utvalet er: Heidi Strand Harboe, Hilde Hanevik, Stein Ødegård, Gunnar Bjorland Stone og Rolf Heskestad.

For å kunne kalla seg ein «grøn kyrkjelyd», må ein tilfredsstilla ulike krav. Utvalet starta arbeidet sitt med å gå gjennom desse krava. Døme på slike er:

- Ta inn miljø-, forbruks- og rettferdsperspektivet i bøner, liturgi, song- og salmeval
- Feira Skaparverkets dag og andre gudstenester i undring og takksemd over Skaparverket
- Kjøpe så lite som råd er, og i staden vurderer å kjøpa brukt og å reparera
- Sortera avfall til resirkulering og kompostering, og levera spesialavfall til godkjent mottak

Utvalet har seinare sett på tiltak som i større grad kan skapa eit grønt engasjement i heile kyrkjelyden. Me har mellom anna tenkt på uteareala nedanfor kyrkja. Grasplen i dag, kan kanskje bli til parsellar med grønsaker og blomar i staden? Kva med å få til ulike kurs eller etablera ein verkstad der ein lærer å reparera klede? For å sikra at me finn dei rette tiltaka, er det laga ei spørjeundersøking som du finn på brynekyrkja.no. Me håpar at flest mogleg vil vera med på denne undersøkinga.

Klarar eg dyrka spinat?



NMS Gjenbruk ønskjer å byrje med sal av klede, men treng hjelp

Brukte klede er blitt meir og meir populært i dagens samfunn, og mange gjenbruksbutikkar har byrja med sal av klede. Styret i NMS Gjenbruk Bryne vurderer no å gjere det same, dersom me får rett bemanning.

NMS Gjenbruk Bryne er i sitt 13.år, og har ca 40 personar engasjert i arbeidet. Trass i mange engasjerte,

er sal av klede ei spesiell nisje, og krev personar med interesse for klede. Me vil difor utfordre Helgedagen sine lesarar til å vurdere seg sjølve, eller nokon dei kjenner, til å ta kontakt.

Oppgåva er å ta imot, sortera, klargjera og prisa kleda. Salet vil dei vanlege butikkmedarbeidarane sørgja for.

Me treng difor 2- 3 personar som først kan vera med på å utforma lokala og rutinane. Dette kan passa for unge pensjonistar og andre som har lyst til å vera med å skapa ei ny nisje i butikken.

Ta gjerne kontakt med ein av butikkleiarane: Jan tlf 915 93 440, Gunhild tlf 481 07 062 eller Guri tlf 992 77 304.



Miljø, møteplass og misjon



NMS Gjenbruk Bryne
Parken senter Inngang ved
hjørnet Saronsbråtet og Meierigata

Vi tar imot og sel:

Møblar, kjøkkenutstyr, bøker, måleri, leiker,
pyntegenstandar, hagereiskapar og anna.

Vi tar også imot stumpar av stearinlys

Telefon 400 37 151

Opningstider:

måndag-fredag 10.00 – 17.00 laurdag 11.00 – 15.00



FRETEX butikk Bryne
Parken senter Inngang ved
hjørnet til Erlandsbakken og Meierigata

Vi tar imot og sel:

Klede, kjøkkenutstyr, måleri, bøker, møblar,
pyntegenstandar, hagereiskapar og anna.

Telefon 922 09 638

Opningstider: måndag stengt.

tysdag-fredag 10.00-16.00 laurdag 11.00-15.00



K Helgedagen

Kyrkjelydsblad for Time

Nr. 3

MARS 1972

4. årg.

Frå kyrkje og bygd

TIME KYRKJE

Palmesundag vert det barne- og familiegudsteneste i Time kyrkje. — Det er også sundagsskulens dag med ofring til saka. Då vil me gjerne sjå fullt av born og foreldre i kyrkja, men sjølv sagt andre og.

LINE BEDEHUS

I tida 7.—12. mars vert det kvar kveld møte på Line bedehus. Det er offerveka til Misjonssambandet. — Olav Handeland er talar.

Arbeidet i kyrkjeringane

Representantar for kyrkjeringane på Bryne har danna eit felles arbeidsutval.

Andor Sandsmark vart vald som formann, Margot Lygren som formann for julemessa og Kari Solberg som sekretær.

Formannen i utvalget skal vera kyrkjeringane sin kontaktmann og felles representant der dette viser seg turvande.

På møtet vart det orientert om korleis saka om arbeidskyrkja på Bryne står, og det vart opplyst at reguleringsplanen, der den påtenkte tomte går inn, skulle drøftast i bygningsrådet den dagen. Dette skulle gjeva von om at kyrkjespørsmålet no går eit godt steg vidare.

Julemessa 1971 var sers vellukka og ringane vil alt no ta opp arbeidet med tanke på ny messe i desember.

Det Norske Misjonsselskap

har offerveka på Saron 7.—12. mars ved misjonsprest Tangedal (ikkje møte fredag).

Laurdag vert kristenrusskoret med skulelaga er innbedne.

Sundag talar krinssekretær Aarvik og landsstyreformannen Erik O. Hauge. Det vert song på alle møta.

KYRKJERINGANE:

Måndag 13. mars kl. 19,30: Nylandsringen hos Asbj. Pettersen.

Fredag 17. mars kl. 18: Sagatuningen hos Kari og Anna Nora Solberg.

PROST FIDJESTØL

og kona kjem i næraste framtid til å flytte frå Jæren. Dei har bygt seg hus i Hornnes.


I den tida dei har vore her har dei vunne seg eit stort rom hjå folket og mange er dei som kjem til å sakne dei. Det var godt å koma til dei i heimen og gildt elles å møta dei i samarbeid og fest. Me takkar dei for alt godt me har fått ha i lag og ynskjer dei mange gode år i den nye heimen sin. Må Guds signing og fred rikeleg og alltid vera hjå dei.

Sokneprest Saanum, Sandnes er nå prost i Jæren prosti.

NY SOKNEPREST I HÅ

Kallskap. Lars Olai Lie vart utnemnt til sokneprest i Hå etter prost Fidjestøl, slik som kyrkjelydane så sterkt ynskje det. Han vert innsett i sitt nye embete 2. påskedag.

Frå grannekyrkjelyden vil me og få ynskja både han og huslyden til lukka med utnemninga og Guds ånd og kraft over arbeidet.



Denne boka gir fylldig innleiing til kvar av dei 899 salmene i Norsk salmebok 2013.

Bøneboka - siste del av salmeboka , nr 85

GUD FOR KVAR DAGSSYNDARAR

Herre, gå ikkje frå oss,
vi treng deg. Du Gud for
kvardagssyndarar, for dei feige
og for dei slappe. Syndene
våre vekkjer ikkje oppsikt. Dei
er bare vanleg småtteri, og så
alminnelege at vi nesten gløymer
dei, særleg om vi også gløymer
deg. Du heilage, du Gud for
syndarar, for dei lunkne, dei
likegyldige, ha miskunn med oss!

Karl Rahner (1904 – 1984) O katolsk bønnebok (1996)

STEVNEMØTE MED SALMEBOKA

TEKST: ELSE-MARIE BUE

Første nummer av Helgedagen 2022. Eit nytt år og blanke ark for oss i redaksjonen!

Men i livet generelt er dette eit lett vint omgrep. Sluttstrek kan setjast på mange område når gamleåret ebbar ut. Men inn i eit nytt år ber me også bagasje med oss blant dei blanke arka. For mange er det tome plasser, sakn og sorg. I salmeboka nr. 873 vert akkurat den tilstanden omtala som ei vandring på aude vidder.

- Nå åpner savnet sine øde vidder. En ukjent strekning ligger foran

deg. Frykt ikke ensomheten på din vandring, du skal få styrke på din smertes vei. Her i din nød, hvor alt er fylt av fravær, er Gud deg nær og rekker deg sin fred.

Salmen har 3 vers som alle sluttar med ordet fred. I Stevnemøte med Salmeboka skriv Vidar Kristensen. - Savn. Ensomhet. Smerte. Fravær. Sorg. Det er ord som preger denne teksten, og det er ord som forteller om følelser som preger de aller fleste som har mistet en av sine kjæreste og næraste. De samme følelsene kan den kjenne på som står igjen etter et samlivsbrudd,

eller etter at et langvarig og nært vennskap er brutt. En står tilbake med savn, ensomhet og sorg. Eivind Skeie har foretatt en ordtelling i salmetekstene til Svein Ellingsen og funnet ut at ordet smerte er brukt 129 ganger. Det er det mest brukte ordet i salmene hans. I denne salmen er det brukt to ganger. Men ordet «fred» er brukt tre ganger, som det aller siste ordet i hvert av de tre versa.

Når sorg og aude vidder har vorte vegen framover på livsreisa, vil denne salmeteksten fyjgja oss på ferda.

Hovudmål for trusopplæringa

Å vera ei raus og tydeleg kyrkje der alle barn og unge får hjelp til å leva livet sitt i tru, håp og kjærleik. Me vil gjennom kunnskap og kjennskap gje alle døypte barn og unge hjelp til å få ein relasjon til den treeinige Gud:

- Gud - skaparen
- Jesus – frelsaren
- Den heilage Ande - hjelparen

Me deler tru og undring.

Me deler kristne tradisjonar og verdier.

Me deler opplevingar og fellesskap.

Me deler håp og kjærleik.

Komande arrangement i regi av trusopplæringa

Babysong

Alle tre kyrkjelydane våre har tilbod om babysong. Velkommen til ei hyggeleg stund for deg og barnet ditt. Her er det song, rørsle og sosialt samvær.

Time

På Lye forsamlingshus har me tilbodet som ein del av Lykkeliten open barnehage, om lag annankvar onsdag. Barnehagen er open kl. 10-12. Songsamlinga er ca. kl. 10.30-11.00.

Undheim

I Undheim kyrkje er det babysong oppe i kyrkjesalen kl. 10.30-11.00 om lag annankvar onsdag.

Bryne

I Brynekyrkja har me babysong-kurs som går over 8 gonger. Me møtes torsdagar kl. 10.15 i kyrkjesalen.

Me har påmelding til babysong alle stader:

Bryne: <https://pameldinger.no/e/lovztt>

Time: <https://pameldinger.no/e/xbrtd>

Undheim: <https://pameldinger.no/e/wdnzmg>

Dåpsskule

I februar/mars vert førsteklasingane inviterte til «Dåpsskule». Me skal ha fleire samlingar etter skuletid/ på ettermiddagen, og så avsluttar me med ei helg der me er saman på laurdag føremiddag og deltek på gudstenesta søndagen.


Avslutningshelg:

Undheim: 19/3-20/3

Bryne: 26/3-27/3

Time: 26/3-27/3

Invitasjonar vert sende ut.



Min båt er så liten



Dette er Mira som skal vera med på Dåpsskulen.

Barnemesse

Nytt av året er at me vil starte opp med barnemesse for born i barnehage/ førskulealder. Me vil feire gudsteneste saman på borna sine premiss, og gjennom dette la borna bli kjende med gudstenesta heilt frå dei er små. Me startar opp i Bryne kyrkje, men tilbodet vil vera for alle born i dei tre sokna våre. Følg med på kyrkjene sine nettsider så kjem meir info om oppstart ganske snart.

Bli trusopplæringsabonnent

Har du born som ikkje er døypte/ ikkje er medlem i kyrkja, men likevel ynskjer dei skal få invitasjon til trusopplæringa sine arrangement? Gå inn på www.kirken.no/minside og registrer deg der, så får borna automatisk invitasjon til det som gjeld deira aldersgruppe.

Følg «Trusopplæringa i Time og Undheim» på Facebook og trusopplæringa_time på Instagram for info om det som skjer i trusopplæringa i kyrkjene våre.



Bibeldagsprosjektet 2022: Biblar til Ukraina

«Bibelen har forandra landet vårt», seier ukrainske kyrkjeleiarar om den store bibelspreiinga som har skjedd. På og etter Bibeldagen/Såmannssundagen 13. februar, kan vi igjen få støtta dei kristne i Ukraina.

På www.bibeldagen.no finn du oppdatert informasjon frå Bibelselskapet. Du kan gje gåva på følgjande måtar:

VIPPS: #94418. Skriv «Ukraina», namnet ditt og adressa di i meldingsfeltet.

Gåvekonto: 3030.16.16869. Merk gåva «Ukraina».
Online: <https://bibel.profundo.no/ukraina>



Vi trenger flere frivillige!

Er det deg?

Nytt innføringskurs starter den 7. mars

Les mer her: kirkens-sos.no/frivillig

Ta gjerne kontakt: rogaland@kirkens-sos.no

Kreative damer som både får og gir påfyll

Elin Hetland og Siren Nese Vaaland - to smilande, avslappa, men engasjerte frivillige i Bryne kyrkjelyd, er stolte over oppgåva dei har i kreativ gruppe i Familiefokus (FF).

TEKST: REIDUN JANE HESKESTAD

FOTO: PRIVAT

Korleis kom de med i gruppa?

Siren - Eg starta i gudsteneste-utvalet på Rossaland ca 2007 - og vart etter kvart med i "pyntekomitéen". Eg var åleine om denne jobben i fleire år. Det kunne sikkert vore greitt å vera fleire, men det måtte vera den rette personen. Etter at FF flytta til Bryne kyrkje i 2015, kom Elin og spurte om ho kunne få vera med. Då kjende eg at no var den rette personen på plass. Etter kvart har mennene våre, Kristian Brenden og Jens Olav Hetland, blitt med som assistentar og handlangarar.

Kva gir det deg å vera med i kreativ gruppe?

Siren - først av alt så har me to trefst og blitt gode venner. Me har det gildt saman, utfyller kvarandre. Vårt vennskap har kopla familiane våre saman - som òg er blitt venner. Det er stort for meg. Eg håpar alltid på at det me lagar "treff nokon". Og me får gode tilbakemeldingar. Eg er stolt over det me gjer.

Elin - for meg har det vore veldig kjekt å få uttrykkja meg i stor skala, slik me må i eit stort kyrkjerom. Og når ein får halda på med det som

ligg for ein, så får ein påfyll. For barn, som gjerne ikkje skjønar ein bibeltekst like godt, så håpar eg at våre kreative innslag kan gi dei leietrådar til å hugsa - og gi ei sanseleg oppleving dei tar med seg.

Korleis jobbar de no?

-Me treffer Jostein Tollaksen, kyrkjelydsutviklar i Brynekyrkja, på kafè eit par veker før gudstenesta. Dersom me ikkje har fått tema før, får me det då. Me snakkar saman om tema, og når me boblar over av kreativitet, går han vidare. Etter dette møte har



Frå døden til livet

me ein idé. Me har no bestemt oss for om me skal vera med på å fylla ut drama som "Etter skuletid" har laga, eller om me skal laga reine dekorative ting. Til slutt gjer me avtalar om eventuelle innkjøp og ting som må ordnast på førehand. Så møtest me i kyrkja laurdag før gudstenesta. No er dei viktige assistentane/ handlangarane på banen.

Kreativ gruppe har fått lagringsplass i kyrkja, slik at dei kan driva gjenbruk der det er mogeleg. For å kunna dekorera det høge rommet, kjem gardintrapp godt med. Dei brukar krok for oppheng og pinnar til å løfta ting opp slik at dei kan bli festa i tverrbjelkane.

-Me har eit lite budsjett, men det me skapar, kostar lite - me kjem langt med papp, svart og kvit maling.

Stjerna som har vore på fondveggen dei siste julene, er ein dekorasjon damene laga for 2-3 år sidan. Den vart så godt likt at den no har blitt fast julepynt i kyrkja.

Når skjøna du sjølv at du hadde ei "kreativ åre"?

Elin - Har visst det heilt frå barnsbein av.

Ho prøvde ut mange slags formingsaktivitetar. Tok lærarskule med formingsline. Har arbeidd på vidaregåande skule med "Form og Farge". Arbeider no i Fylkeskommunen med "Den kulturelle skulesekken".

Siren - Eg er van med blomar frå barndommen, og utdanna meg som blomsterdekoratør på vidaregåande.

Ho arbeidde som dekoratør nokre år, men utvikla pollenallergi og har omskulert seg. Ho får brukt dei kreative evnene sine i kvardagen, for interessa for form og farge er

framleis ein viktig del av både arbeid og fritid.

Har de eit tema/ tekst de kunne ha veldig lyst til å laga dekorasjon til?

-Dei kreative prosessane blir ofte sparka i gong av teksten me får "tildelt", så me har aldri tenkt at me treng andre utfordringar. Til og med å få same teksten på ny, opnar for å uttrykkja bodskapen på nye måtar. Om det er noko me kunne tenkt oss annleis, måtte det vera å ha litt lengre tid til å laga dekorasjonane. Det hadde og vore kjekt om det me lagar kunne fått eit litt lengre liv enn berre søndag frå kl 11-12. Me er difor glade for at stjernerne me laga til adventstida i 2021, fekk henga heilt til det nye året kom. Men koronatiltaka gjorde at få fekk oppleve "stjernehimmlen" i kyrkja denne gongen.

Når me tenkjer FF utan koronatiltak - kva tankar/draumar har de for FF i tida som kjem?

-Alle kjenner nok at det skal bli godt å få både kvardagen og søndagen tilbake. Å få treffa folk og gle oss over å vera saman på Familiefokus. Ikkje minst for barn



Elin Hetland limer mange hender som lyfter meir enn mine to

og unge blir det det bra å sleppa å tenkja på meteren og nærkontaktar - berre få vera saman.

Fint å oppleve kreativitet i fri flyt - både i samtale og gjennom sanselege opplevingar i Bryne kyrkje. Viktig igjen å bli minna på det Elin seier "Å få jobba med det som ligg for ein, gir påfyll".



Skikkeleg storm på Genesaretsjøen!

Skjora

TEKST: ROLF HESKESTAD. FOTO: HARALD LYGREN

-Sjå kor tøff eg er når eg vippar på den lange stjerten min!

Ja, skjora er ein flott fyr - kledd i kjole og kvitt til kvardags. Skjora likar seg der folk bur. Er me så vane med å sjå henne at me gløymer å nyta synet av denne staselege fuglen? Nær folk er det oftast lett å finna mat, og menyen er lang - blant anna egg og ungar frå småfuglar. Det er ikkje tvil om at skjora slik kan gjera stor skade, og mange har difor lagt skjora for hat.



Skjora høyrer til kråkefuglane, som blir rekna for å vera klokare enn fuglar flest. Elles er det mykje som tyder på at skjora har sans for humor. Den som har sett eit skjorepar terga ein katt, kan neppe vera i tvil om det.

Reiret lager dei av kvister, jord, strå og rottrevlar. Årleg påbygg kan etterkvart resultera i svære reir

som er godt synlege for alle. Hofuglen er åleine om ruginga av dei 6-8 egga. Gemalen sørger då for at ho får seg mat. Dei deltek begge i matinga av ungane, som forlet reiret etter omlag 25 dagar. Den fyrste tida får dei mykje hjelp frå foreldra til å finna mat. Likevel dør rundt 50% av ungane i løpet av dei fyrste 2 månadene - dei fleste grunna svolt.

Hjernetrim

HelgeKryssord 4/21


(av Gabriel Tengsareid)

Loddrett

1. Kviledag
2. Påliteleg
3. Tenkt sirkellinje
4. Rommål
5. Kvinnenamn
6. Nabobokstavar
7. Tape
8. Siste del av årstid
10. Edelgass (kj.teikn)
11. Motvilje
12. Dam
16. Bak
17. Kvinnenamn
20. Kvinnekleknaden
25. Kvinnenamn
26. Avlukke
28. Møbel
30. Tilskodarplassar
34. Høgsong
35. Tid
38. Måne
39. Avslutting etter PS
40. På bilar i Libanon

Vassrett

1. Lære frå bergpreika
9. Måleeining for flate
13. Bli til is
14. Pund (omv.)
15. Det å snu innsida ut
18. Turutstyr
19. Tyngje
21. Gå ned
22. Fri for
23. Edelstein
24. Vaskemiddel
26. Gardbrukar
27. Mål for surleiksgrad
28. Vera for
tungebandet
29. Lite påakta
31. Fuglen
32. Blomsterstand
33. Tyngjer
36. Hås
37. Fortalde
41. Romstasjon for
overvaking



S	T	E	F	A	N	U	S	D	A	G	E	N	L
A	A	D	E	T	V	E	S	L	E	A	U		
B	L	I	L	T	R	E	K	K	E	N	B	U	R
B	E	T	L	E	U	L	K	A	N	T	A	T	E
A	M	N	E	S	T	I	A	N	K	E	R	E	T
T	Å	E	S	T	E	R	T	D	L	I	N	S	E
S	L	I	R	A	T	A	L	A	U	K	K	O	
T	E	N	O	R	E	N	E	L	B	N	I	A	R
A	T	M	E	H	E	L	T	E	B	P	I		


Løysing Helge-
kryssord - 5/21



BARNAS

Prikk til prikk

Teikn ein strek frå 1 til 2 og så vidare.
Kva skjuler seg her?



– Eg vil
kjøpe ein hatt.
– Veit du kva
storleik du brukar?
– Nei, men eg tok
med hovudet for
tryggleiken si
skuld.

Vitsar

Ein mann kom
inn på ein bensinstasjon
og spurde dama bak disken:
– Har du ein sånn bustete
og morosam liten figur som
eg kan henge på spegelen
inni bilen?

Dama ropa til mannen sin
som var i verkstaden:

– Lars, det er nokon her
som vil kjøpe
deg!

Finn fem feil!

Dei to bileta er nesten like. Finn du dei fem feila på
biletet under? Teikning: Kari Sortland



Gje barnebladet
Barnas til eit barn
du er glad i!

Desse oppgåvene er
henta frå bladet.

Bestill abonnement
på sondagsskolen.no
eller 22 08 71 00



Fagleg seminar Stefanusalliansen

i Bryne kyrkje
3. april 2022 kl 1930

Vilja Herefoss har foredrag

Tema: Forfølgde kristne
Song og musikk

Alle hjarteleg velkomne

Arrangør: Misjonsutvalet

DAGLEG BRØD FOR ALLE

Kulturkveld i Bryne kyrkje
torsdag 22.mars kl.19

Foredrag ved ambassadør ved FAO og Verdens
matvareprogram, WFP, i Roma Morten Aasland:
«Dagleg brød for alle»

Allsong, korsong og musikk
v/ Songgruppa Shalom og kulturskuleelevar

Matservering
Ettertanke ved sokneprest Stein Ødegård:
«Brød i Bibelen»

Inngangspengar: Kr.150,-

Arrangør: Time historielag og Bryne sokneråd

Velkomen til Sundagstreff i Bryne kyrkje våren 2022

Sundag 13. mars kl.18:00

Sundag 10. april kl.18:00

Program:

Kl.18.00: Ringleik & allsong + kaffi & drøs i kyrkjestova

Kl.19.00: Gudsteneste i kyrkjesalen

12.mai blir det grillfest!

Det blir sendt ut eigen invitasjon med tid og stad.

Ser deg i kyrkja!

Helsing frå Torunn, Trond, Kari, Siri og Praxedes





KVELDSGUDSTENESTER
 Bryne kyrkje | Våren 2022
 Alle gudstenester startar kl. 19
 og blir streama til www.brynekyrkja.no

Guds skaparverk - vår heim

Sundag 6. mars – Faste, forsaking og berekraft

Gudstenestefokus: Forsaking og truverdkenning
 Samfunnsvindauga ved ein representant for «Grådighetsbekjemper»
 Musikk: John Josefsen

Sundag 22. mai – Gleda i å dela

Gudstenestefokus: Takkoffer, velsigning, utsending
 Samfunnsvindauga ved andelsbonde Randi Klingsheim Bø
 Musikk: Mari Ask Helland

Velkommen til kveldsgudstenester

*Alle kveldane brukar me biskopane sitt ferske klimahefte og
 feirar gudsteneste i eit miljøperspektiv*

DET SKJER I TIME



Fredagskveld på Kyrkjetoget Time kyrkje

Samlinga i januar vart avlyst. Me
 prøver igjen

1. april kl. 20-22

Musikk og drøs ved brørne
 Olav og Åmund Eikeland

Fredagskveldane på Kyrkjetoget er
 samlingar med tid til drøs, uformelt
 program, kveldens gjest, allsong, m.m.

Dei som ønskjer å koma, kan ta med litt mat
 kvar som me set på fellesbordet.
 Komitéen ordner kaffi/te.

Arr: Fredagskveldkomitéen

VÅRFEST

for alle +/- 60

Undheim kyrkje
Sundag 20.april kl.15.00

Kåseri ved Jens Olav Mæland
Andakt av Praxedes Slettebø
Kulturskule-elevar deltek
Allsong, god mat og drøs

VELKOMEN!

Arr: Time diakoniutval



GRØN DAG

i Kyrkjeparken ved Undheim kyrkje
Laurdag 7. mai kl 11.00- 13.30.

Me vil gjenta suksessen frå i fjor og arrangerer også i år GRØN DAG

Arr.: Representantar for NMS- foreiningar i Time





Strømmestiftelsen

BEKJEMPER FATTIGDOM



BLIFADDER!

www.blifadder.no

☎ 22 94 26 00 misjonsalliansen 



Gi til NMS – få skattefradrag!



Det Norske Misjonsselskap

BROBYGGER I ORD OG HANDLING

Konto: 8220 02 85030 • Tlf: 51 51 61 00 • www.nms.no



Kan du hjelpe et barn eller en ungdom som har det vanskelig?
Nå er det behov for flere fosterhjem i ditt nærområde.

Den norske kirke samarbeider med Fosterhjemstjenesten i Stavanger og Haugesund om å finne fosterhjem.

Mer informasjon om fosterhjem på

fosterhjem.no

Illustrasjonsfoto

Bli med på lokalhistorisk vandring på Bryne! Anne Berit Hatlem og Tom Hetland vil i Helgedagen framover la oss bli betre kjende med dei 31 personane som har fått ei gate eller veg oppkalla etter seg. God tur!

TEKST OG FOTO: ANNE BERIT HATLEM OG TOM HETLAND

Pauline Wiigs veg

Pauline Wiigs veg ligg på industrifeltet på Håland, og er eit av dei nyaste gatenamna på Bryne.

Pauline Wiig (1863-1926) var frå Orre, og var ei av dei første kvinnene som starta eiga næringsverksemd i Time. Ho arbeidde lenge som retusjør og seinare fotograf for broren Henrik, som dreiv fotoatelier på Sandnes.


I 1912 starta ho for seg sjølv på Bryne. Ho bygde hus nær jernbanestasjonen, det som i dag vert kalla Svendsenhuset, der ho hadde atelier i hagen. Med seg som assistent hadde ho søstera Kirstine Wiig. Tradisjonelle visittkortportrett var det vanlegaste, men Pauline Wiig var også «utegåande fotograf» ved spesielle høve, som kongebesøket i 1913. Ho var særleg dyktig til å fotografera barn, mødrer med barn og unge kvinner.

«Frøken Wiig» var ein kjend figur i Bryne-gatene. Velkledd og elegant førte ho med seg noko moderne og urbant til den vesle tettstaden. Men noko lang karriere på Bryne fekk ho ikkje. Ho døydd alt i 1926, berre 63 år gammal. Fotoforretninga vart ei tid driven vidare av brorson hennar, men vart avvikla i 1931. Då skulle det gå 20 år til Bryne igjen fekk eigen fotograf, Børge Kalvig.



Foto: Carl Forsberg jr., Christianssand
Privat eige





DØYPTE

BRYNE KYRKJE

05.12.2021: Isak Gudmestad Aarre, Elisa Lokna Erland, Georg Rennesvik Rugland, Julian Varhaug
19.12.2021: Maria Kongsvik Fotland, Ella Rørheim-Kløcker
09.01.2022: Samuel Bjørnsen, Cornelius Christiansen

TIME KYRKJE


13.11.2021: Ellen Berglund Fjermestad, Tian Kalsås, Mio Røstad Lien, Amalie Mansåker
21.11.2021: Theo Dongelmans, Hennie Ravndal Garborg, Sofie Caroline Gornall, Adam Granberg, Amanda Marie Ådnanes Hestvik, Ella Øgaard Lerbrekk, Aria Salte, Sondre Stokka
05.12.2021: Eivor Rosseland, Alva Sandsmark, Olav Vollsund
16.01.2022: Une Risa Salte
22.01.2022: Vetle Siqveland, Aksel Winum Thu, Linnea Thunheim

UNDHEIM KYRKJE

14.11.2021: Alexandra Giovanna Brumini Mellemstrand
26.12.2021: Hedda Viktoria Braut, Siri Elise Taksdal

BORN FRÅ TIME DØYPT ANDRE STADER

09.01.2022: Eline Nesse (Klepp)




Vigde

BRYNE KYRKJE

20.11.2021: Chotika Kruawan og Tore Nærland

TIME KYRKJE

20.11.2021: Beate Sele og Sander Austad
09.01.2022: Grethe Obrestad og Paul Fossdal Espeland



Døde

Astrid Braut
Bjarne Oddane,
Margot Frøyland
Björg Sandve
Maria Hauge
Kari Grødem
Astrid Førland
Gunnar Godtfred Grødem
Karen Taksdal
Torstein Garborg
Odd Vestly
Olena Aase
Ronald Scott Løland
Katy Grødeland (Frøyland og Orstad kirke)
Norvald Henry Oma
Aage Arvid Seland
Johann Salte
Björg Rosland
Nils Bakker
Jon J Serigstad

3. GENERASJON BEDEMANN

Arild Aase

Bryne
Begravelsesbyrå

Reev. 34, 4340 Bryne 917 59 102

24 TIMERS VAKTTELEFON

Støttegrupper

Kyrkja sitt tilbod til etterlatte

Det finst tilbod om å delta i støttegrupper etter at ein har mista ein av sine næraste. Ønskjer du å bli med i ei slik gruppe, ta kontakt med Diakon i Bryne: marit.hetland@timekyrkja.no
Dikon i Time og Undheim: praxedes.slettebo@timekyrkja.no
eller ring kyrkjekontoret på
tlf. 51 77 03 77

KROGEDAL
begravelsesbyrå

☎ **51 97 29 00**

DØGNVAKT



VI HAR OGSÅ
GRAVSTEINAVDELING
www.krogedal.no

NOVA

BEGRAVELSESBYRÅ

51 61 04 00 - døgnvakt

www.novabegravelse.no

Hanne Brit
Sandsmark
og Møyfrid
Hersdal





JærTannlegene
Heidi Bø Honningsvåg
Jaertannlegene.no | 5148 4800



EiendomsMegler 1
JÆRMEGLEREN



*Varme & velvære
entusiast*
REIME
VARMEPUMPER OG SPA
www.reimeos.no - Tlf: 51 73 14 22



Jæren Gulv AS
Maler- og gulvarbeid
www.jaerengulv.com

VI ORDNER ALT I SPEIL, GLASS OG BILGLASS



Glassmesterforretning
Einar Knutsen as
Postboks 149, 4349 Bryne
TLF. 51 48 02 11
DØGNSERVICE 971 78 180



Bryne Rør



TIME ELEKTRO AS
når resultatet er viktig
Vesthagen 4, 4344 Bryne
Tlf. 51 77 15 90



e i k h i



**Renovasjons-
service as**
Magnus Grødem • tlf. 51 48 20 44



nye
JÆREN
KABELNETT
Lokal
og
best
på pris




Rogalandshus

aktiv.
Eiendomsmegling
51 77 80 00 / rogaland@aktiv.no



PRIVATMEGLEREN
JÆREN
Torggata 2, 4340 Bryne
Tlf. 51 48 86 00 • jaeren@privatmegleren.no

REMA 1000
Håland



Bøgh Hafoø a/s
Egersund



Alt innen datahjelp
-hjem på døren
til private & bedrift
Tlf 51485000
www.datahjelpen.it



PIZZABAKERENTM
Pizzabakeren Bryne, 47 70 77 00

haver—

Haver Advokatfirma AS
Hetlandsgt. 9, 4340 Bryne
telefon 51 77 00 50



EL-TEAM
Elektroentreprenør
Morenefare 5, Bryne, Tlf. 51 48 67 40
E-post: dr@el-team.net, Internett: www.el-team.net



SPAREBANKEN
SØR

EIENDOMSMEGLER KROGSVEEN JÆREN

Vi gjør det enkelt
for deg å selge!

Våre dyktige og lokalkjente meglere gir deg rådene du trenger for et raskt og lønnsomt salg. Vi kartlegger alle boligsøkere i markedet systematisk, og vet hvem som jakter på din type bolig. Det gjør det enklere å få flere folk på visning, flere budgivere og oppnå bedre pris.

Vurderer du å flytte? Snakk med oss og start med en uforpliktende verddivurdering, ring tlf. 51 97 19 74.



Vår kompetanse - din trygghet

Sjekk Punkt
BILVERKSTED

www.sjekkpunkt.no

4000 6447

LYE BIL AS

Prestegardmarka 1

4340 Bryne



Strømmestiftelsen




DEN NORSKE KYRKJA

TRENG DU NOKON Å FORTELJE DET TIL?

Vi er her. Alltid. kirkens-sos.no



SOS
22 40 00 40



SOS
CHAT

SOS
MELDING

KIRKENS
SOS



**Det er ingen selvfølge at
noen ordner bursdagsgave**

Tusenvis av barn i Norge opplever at det knytter seg i magen hver dag.

Vil du hjelpe familier som sliter med
alkohol- og rusproblemer?

Send **VIPPS** til **13130** (valgfritt beløp)

Send **SMS "BK VENN"** til **2210** (kr 100)





Skyss til gudstenesta

BRYNE KYRKJE:

Sverre M. Lima 951 25 002

Jonas Frøyland 41 30 04 68

Ring før kl 10.00



GOD PÅSKE!

Gudstenesteliste

Sundag 20. februar

Lye forsamlingshus

Undheim kyrkje

Bryne kyrkje

Bryne kyrkje

Sundag 27. februar

Time kyrkje

Bryne kyrkje

Sundag 6. mars

Lye forsamlingshus

Undheim kyrkje

Bryne kyrkje

Sundag 13. mars

Time kyrkje

Bryne kyrkje

Jungelgjeng

Bryne kyrkje

Sundag 20. mars

Lye forsamlingshus

Undheim kyrkje

Bryne kyrkje

Sundag 27. mars

Time kyrkje

Bryne kyrkje

Nattverd.

Sundag 3. april

Lye forsamlingshus

Undheim kyrkje

Bryne kyrkje

Sundag 10. april

Undheim kyrkje

Time kyrkje

Bryne kyrkje

Bryne kyrkje

Kristi forklarelsedag

Luk. 9, 28 – 36

10.30 Gudsteneste. Sundagsskule

10.30 Gudsteneste. Sundagsskule

11.00 Gudsteneste med familiefokus. Nattverd

19.00 Kveldsgudsteneste. Nattverd

Fastelavnssundag

Luk. 18, 31 – 34

11.00 Gudsteneste. Dåp

11.00 Gudsteneste. Dåp og nattverd.

1. søndag i fastetida

Matt. 26, 36 - 45

10.30. Gudsteneste. Nattverd. Sundagsskule

10.30. Gudsteneste. Sundagsskule

19.00. Kveldsgudsteneste. Nattverd

2. søndag i fastetida

Luk. 13, 22 – 30

11.00 Gudsteneste. Dåp. Sundagsskule

11.00 Gudsteneste for store og små. Dåp.

18.00 Sondagstreff

3. søndag i fastetida

Luk. 22, 28 – 34

10.30 Gudsteneste. Sundagsskule

10.30 Gudsteneste for store og små

11.00 Gudsteneste med familiefokus. Nattverd

Maria budskapsdag

Luk. 1, 39 - 45

11.00 Gudsteneste for store og små. Dåp

11.00 Gudsteneste for store og små.

4. søndag i fastetida

Joh 6, 24 – 36

10.30 Gudsteneste. Nattverd. Sundagsskule

10.30 Gudsteneste. Nattverd. Sundagsskule

11.00 Gudsteneste. Nattverd. Jungelgjeng

Palmesundag

Joh. 12, 1 – 13

10.30 Gudsteneste for store og små. Dåp.

11.00 Gudsteneste. Nattverd

11.00 Gudsteneste. Dåp

18.00 Sondagstreff.